




Slåttelandskapet Stokko

Plan for kulturlandskapsskjøtsel og tilrettelegging for friluftsliv
(framlegg)



Tittel: Slåttelandskapet Stokko; Plan for kulturlandskapsskjøtsel og tilrettelegging for friluftsliv.	Rapport nr: Aurland Naturverkstad Rapport 12/2006
Forfattar: Siri Wølneberg Bøthun	Dato: juli 2006
Prosjektansvarleg hjå oppdragsgjevar: Tom Dybwad	Oppdragsgjevar: Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Referanse: Bøthun, S. W. 2006. Slåttelandskapet Stokko; Plan for kulturlandskapsskjøtsel og tilrettelegging for friluftsliv. <i>Aurland Naturverkstad Rapport 12/2006</i> , 26s. + vedlegg	
Forsideillustrasjon: Øvst: Eng og rydningsrøyser på Stokko. Nedst til venstre: Vårmarihand er karakteristisk for området, her frå Daveteigen. Nedst til høgre: Samanhengande engvegetasjon langs fjorden; biletet sørover frå Beinsnesgrovi. Alle foto: S. W. Bøthun.	
Referat: Etter tilråding i forvaltingsplan for Nærøyfjordområdet er det utarbeidd ein plan for skjøtsel av kulturlandskap og tilrettelegging på eit slåtte- og beiteområde i Undredal; Stokko – Krossnes langs Aurlandsfjorden. Med utgangspunkt i dagens bruk til slått- og beite tek planen omsyn til kulturlandskapskvalitetar og vidare bruk i næringssamanheng og friluftsliv. Kulturminne vert og omtala.	
Emneord: Kulturlandskap Slått Beite Friluftsliv Kulturminne	
Produsert av: Aurland Naturverkstad BA Postboks 27 5741 Aurland Tlf. 57633629, Fax: 57633516 e-post: kontorpost@aurland-naturverkstad.no	

Forord

Denne rapporten er ein plan for kulturlandskapsskjøtsel og tilrettelegging for friluftsliv langs Aurlandsfjorden på strekninga Krossnes - Stokko utanfor Undredal. Dette området er eit særleg viktig kulturlandskap innanfor Nærøyfjorden landskapsvernområde, som ligg i Nærøyfjordområdet i Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap.

Området er i bruk som slåttemark men drifta er svært arbeidskrevjande og lite lønnsam. Området trugast av opphør av drift med påfylgjande attgroing. Her er ein aukande bruk i friluftssamanheng, særleg av padlarar.

Aurland Naturverkstad har hatt i oppdrag frå forvaltingsmynda å sameine dei ulike interessene på Stokko i ein skjøtsels- og tilretteleggingsplan.

Planen er utarbeidd etter initiativ frå SNO, på oppdrag for Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Han er arbeidd fram i dialog med både SNO avd. Aurland, miljøvernavdelinga ved Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Kulturminneavdelinga ved Sogn og Fjordane fylkeskommune har delteke på synfaring og Aurland kommune er inviterte til å gje innspel. Grunneigar og andre brukarar er og vorte inviterte til å kome med innspel undervegs, noko som er positivt fylgd opp.

Planen er utarbeidd av Siri W. Bøthun ved Aurland Naturverkstad med både praktisk og fagleg støtte frå Rein Arne Golf ved SNO, avd. Aurland. Ansvarleg hjå Fylkesmannen har vore Tom Dybwad. Kontaktperson ved Sogn og Fjordane fylkeskommune, avd. for kulturminne har vore Stig Årdal og kontaktpersonar for Aurland Kommune har vore Claus Røynesdal og Erling Oppheim. Takk for alle gode innspel.

Ein takk rettast til lokale informantar; grunneigarar og brukarar.

Aurland 28.07.2006

Siri Wølneberg Bøthun

Innhold

1.	Innleiing	7
2.	Formål	8
3.	Metode.....	9
4.	Områdeskildring.....	10
4.1	Kort om historia	10
4.2	Naturtilhøve.....	10
4.2.1	Geologi og skogstype	10
4.2.2	Skildring av dagens tilstand:	11
5.	Verdiar.....	16
5.1	Kulturminne	16
5.2	Landskap	17
5.3	Biologisk mangfold	17
5.4	Næringsbruk	18
5.5	Rekreasjon.....	19
5.6	Identitetsverdi	19
6.	Tiltaksplan	20
6. 1	Skjøtsel av eng/slåttemark.....	20
6.2	Eplehagen	21
6.3	Beite	22
6.4	Rydding av kratt og lauvtre	22
6.5	Rydding av ras m.m.	23
6.5	Tilrettelegging for friluftsliv	23
6.6	Nyregistreringar	24
	Kjelder	26
	Vedlegg	27

Innleiing

Stokko med sine slåtteteigar er, saman med det kulturprega landskapet vidare inn mot Undredal, eit viktig element i landskapet i Aurlandsfjorden. Her er ein mosaikk av små teigar, røyser, beitemark og middels-rik lauvskog. Området ligg på sørvestsida av fjorden og er ei fortsetting av kulturlandskapet kring geitebygda. Det aller meste av dette arealet ligg innanfor Nærøyfjorden landskapsvernombordet (verna i Kgl. res. 08.11.2002), som er ein del av sørrområdet i Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap (innskrive på UNESCO si verdsarvliste 14.07.2005, under det 29. verdensarvkomitémøte). Framlegget til forvaltingsplan for Nærøyfjordområdet (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 2004) peikar på Stokko som eit prioritert område for skjøtselstiltak både med omsyn til kulturlandskapet og for friluftsliv.

Området er delt inn i små teigar og er eigd av mange grunneigarar. Desse eigedomane er inkluderte i planen:

- Gnr. 50 bnr. 2, 3, 6
- Gnr. 51 bnr. 1,2, 15, 16, 18, 19, 20, 22, 27, 32, 33, 34, 43, 52, 108
- Gnr. 52 bnr. 2, 3, 5

Tidlegare har utnyttinga av området vore svært sterkt. Mykje slåttemark er framleis i hevd. Flere av teigene vert etter avtale slått av andre enn eigarane, det gjeld og teigar som har vore slått inntil nyleg men som no er ute av bruk. Dei som slår på andre sine areal er i det vidare kalla brukarar. Alle brukarane er tilknytt Undredal og eig sjølv ein eller fleire teigar innanfor planområdet. I mark som er ute av hevd kan ein framleis tydeleg sjå att strukturar etter den gamle bruken.

Drifta av slåttemarka utover langs fjorden er ikkje lengre økonomisk forsvarleg. Dette er tidkrevjande og tungt arbeid. Gradvis vert difor areal som haldast i hevd redusert. Frå 70 talet til i dag er landskapet vesentleg endra. Også det siste tiåret er slått avvikla.

Landskapskvalitetane til dette området er så høge at det vil vere viktig både for reiselivet og for identiteten hjå innbyggjarane i Undredal å freiste å halde dei resterande opne areala ope. Kulturlandskapskvalitetane både med opplevingsverdi, biologiske verdiar og kulturhistoriske verdiar er høg. Dette er ein liten bit av Nærøyfjorden landskapsvernombordet som er verd å verne om, eit vern som krev aktiv skjøtsel.

Bevaring av engene er vesentleg dersom ein skal ivareta både landskapsverdiar og biologiske verdiar i området. Merksemld og aktivitet kring slåtten på Stokko kan få ringverknader som bør kome skjøtsel av andre marginale engareal i Undredal til gode. Desse areala er viktige for bygda sin identitet som jordbruks- og særleg geitebygd. Det er viktig for geitehaldet i bygda å bevare eit område med så høg symbolverdi som Stokko har.

Avgrensing

Hovuddelen av arealet i planen ligg innanfor landskapsvernombordet. For å få ein avgrensing som tek omsyn til landskapsverdiar som naturleg høyrer saman med det aktuelle området innanfor verneområdet er plangrensa trekt noko sør for vernegrensa. Dette er også den praktisk beste løysinga då grensa slik fell saman med den beste (einaste) moglege traseen for gjerde i samband med geitebeite i området, noko som er særskilt viktig for skjøtselen. Dette er den grensa som i dag nyttast mellom intensivt drive innmark i Undredal og dei meir ekstensivt drivne beite- og slåtteareala utover langs fjorden.

1. Formål

Formålet med denne utgreiinga er å ha ein plan for den vidare drifta og skjøtselen av kulturlandskapet langs Aurlandsfjorden frå Undredal til Stokko. Eit delmål med planen er å legge til rette for den aukande friluftslivbruken, og med det også minske konflikten med det aktive jordbruket. Planen peikar på verdiar i området og naudsynte tiltak for å synleggjere og bevare desse.

Planen plasserer ikkje ansvar, men er meint som eit rettleiande hjelpemiddel både for statleg forvalting av verneområdet og kommunal forvalting av friluftslivsressursar. Han er og meint som ei støtte for grunneigarar og andre som ynskjer å ta vare på kulturlandskaps-, landbruks-, og friluftslivsverdiar i området i samarbeid med den offentlege forvaltinga.

Det er ikkje noko mål å restaurere alle gamle slåtteteigar for å gje inntrykk av intensiv drift. Planen freistar heller å finne eit realistisk mål som vil føre området tilbake til eit stadium av aktiv, men ikkje full drift som ”i gamle dagar”..



Figur 1 Slåtteenger på Stokko, tidlig juni 2006

2. Metode

Kunnskapsinnsamling

Kunnskap om området har vore samla inn ved hjelp av intervju av dagens brukarar og tidlegare brukarar av slåtte- og beiteområda utover langs fjorden, litteratur, studie av flyfoto og to synfaringar på staden.

Første synfaring vart gjort 01.06.2006. Hovudfokus for synfaringa var å verte kjend i området, å kunne avgrense ulike typar areal i høve til hevd/grad av attgroing, å dokumentere kjende førekomstar av orkidear og marijanøkleband (kjend gjennom munnlege kjelder og eigen kjennskap til området) og å få oversikt over dei viktigaste kulturminna i form av bakkemurar og rydningsrøyser.

Den andre synfaringa vart halde 19.06.2006 Dette var ei fellessynfaring der både forvalting og grunneigarar/brukarar var inviterte*. Målet med synfaringa var å få innspel til føreslegne tiltak og tilpassa skjøtselstilrådingane til den eksisterande bruken av området, då eit av måla for planen er å legge til rette for framhald av denne drifta.

Det er ikkje føreteke feltarbeid for å gjere nye registreringar av biologisk mangfald eller for å analysere artsinnhaldet i engene.

For den historiske bruken har ein henta stoff i Aurland bygdebok; Undredal og Nærøy gard og ætt (Ohnstad 2006) og boka Undredal; kyrkja og bygda (Djupedal). Det er dessutan gjort intervju av folk som har vore knytt til staden. Det er ikkje kjent at nokon av kulturminna er registrerte i noko arkiv. Fagkyndig frå kulturminneavdelinga hjå fylkeskommunen var invitert med på fellessynfaringa.

Det er lånt inn eldre flyfoto, tekne i 1971. Då var bruken mykje meir intensiv enn i dag, og dei gamle slåttemarkene og strukturane i landskapet kjem godt fram.

For friluftsbruken er det gjort intervju av grunneigarar og brukarar. Kommunen sin kulturansvarleg er og invitert til å delta i prosjektet.

For den næringsmessige bruken er det gjort intervju av grunneigarar og brukarar.

Forslag til skjøtsel

Dei føreslegne skjøtselstiltaka har kome fram gjennom kontakt med både brukarar og forvaltning, mellom anna gjennom den arrangerte fellessynfaringa nemnd over.

*Ved ein feil vart eigarane av dei sørlegaste eigedomane ikkje med i adresselista. Dette gjeld gnr. 51, bnr. 20, 33 og 43 (same eigar), 34 (ukjend eigarskap) og 108. Desse er informerte og vil få høve til å uttale seg i samband med høyring.

3. Områdeskildring

4.1 Kort om historia

Bjørgynjar Kalvskinn nemnar garden Sælustokkom som inntektskjelde til presten i Undredal på 1300 talet. Dette vert tydd til å måtte vera Stokko (Ohnstad 2006). Stokko reknast i dag for ein øydegard, det vart aldri teken opp att gardsdrift her ute etter svartedauden. Like fullt har denne øydegarden eige gardsnummer; Gnr. 52. Etter svartedauden var Stokko, saman med Bakka, eigd av kyrkja i Undredal. Kyrkja vart kjøpt opp i 1776 av bøndene på Bakka, men i 1867 vart kyrkja tilbakeført til kyrkjelyden i Undredal. Då vart Stokko delt i fire eigedomar og seld til brukarar i Undredal. Teigane med Gnr. 52 ligg på begge sider av groi Beinsnesa og utgjer berre ein del av slåttemarkane på det som vert oppfatta som Stokko.

Området langs fjorden frå bygda og ut på Stokko har vore nytta til slåtteteigar i eit svært langt tidsperspektiv. Det har aldri vore stølsdrift på Stokko slik det har vore vanleg på mange andre øydegardar. Flyfoto syner at det enda på byrjinga av 70 talet vart slege nær sagt alle stader der det ikkje er røys eller berg.

Geitehaldet i indre Sogn er om lag 150 år gammalt. I løpet av siste halvdel av 1800 talet var det ein overgang frå kyrahald til geitehald i Aurland (Djupedal 1997). Dagens bruk av Stokko med geitebeite på vår/forsommar og på hausten, og med slått midtsommars kan dermed reknast for å vere om lag 150 år gammal.

Det er berre dei lettast drivne (utan at nokon av dei kan kallast lettdrivne) teigane som i dag er opne og har engprega vegetasjon. Mellom teigane ligg gjerne store urer og røysar men her er lommer som har vore slått også innimellom i røysane. Ovanfor engene, no gjerne tilvakse av gråor, hassel, rogn og bjørk, finn ein oppmurde terrassar med restar av engvegetasjon. Større og mindre flatar, og svært bratte slåtteteigar ligg heilt oppunder berget alle stader der det ikkje er ur. Denne stripa mellom fjorden og eit samanhengande band med stup og skrentar ovanfor er berre ein del av det som totalt har vore utnytta i lisida. Ovanfor stupa går den gamle ferdavegen ut til Stokko. Langs denne ligg eit unemneleg tal løetufter og vitnar om intensiv drift av utslårter. Her finn ein både restar etter slåtteteigar og skog med gamle tre som ber sine tydelege sport etter lauving (styvingstre). Stadnamn oppetter lisida fortel og om at heile området frå fjord til fjell har vore nytta til førsanking.

4.2 Naturtilhøve

4.2.1 Geologi og skogstype

Planområdet ligg på sørsida av Aurlandsfjorden og strekk seg langs fjorden frå dei nordlegaste bustadhusa i bygda og nord-vestover ut til Stokko. Lisida er nord-austvend. Slåtteteigane er bratte og til dels svært bratte. Nokre få, små, flate areal finst i overkant av bakkemurar samt at det ute på Stokko finnast noko flatare areal. Marka varierer mellom tørre og friskare parti.

Dominerande bergart er gneis. Hoggberget i overkant av planområdet består fram til Stavhalsen/ Notedalen av eit smalt band med kvartsitt som lokalt kan ha amfibolitt. Dette bandet held fram nord-vestover nesten til Stokko, men går frå Notedalen høgare i terrenget enn den skrenten som avgrensar planområdet. Amfibolitt er ein kalkhaldig bergart. Sjølv om

dette kvartsittbandet er hardt går det ofte ras i området. Artar i denne sør-vestlege delen av planområdet syner at her er eit kalkhaldig jordsmonn. Kalk vil kunne transporterast frå førekomstar over gjennom fuktsig og mindre bekkar i heile området.

Sør-austleg del av området har lausmassar som består av skredmateriale, samanhengande dekke, stadvis med stor djupne . I nord-vestleg del er her i hovudsak bart fjell eller eit tynt dekke med lausmassar.

I planområdet veks ein brattlendt lauvblandingsskog brote opp av ur- og rasmek (særleg i dei sør-austlege delane) og små lommer med gamal slåttemark. Slåttemarkane er i ulike stadier av attgroing. Dei største slåtteområda er lengst i nord-vest, ute på Stokko.

Skogen dominerast av bjørk men med innslag av andre treslag som selje, rogn og hegg. Busksjiktet dominerast av hassel. I mindre parti dannar tilnærma reine bestandar av hassel den eigne skogstypen "hasselkratt". Feltsjiktet i skogen er beiteprega med grasdominans. På den skrinnaste marka er noko einer. På attgroande slåttemark dominerer gråor eller hassel.

4.2.2 Skildring av dagens tilstand:

Området skildrast her frå Undredal og utover mot Stokko.

Frå Krossen og Tjøromnen

Ved Krossen, i det ein kryssar utmarksgrinda frå bygda har ein over seg ei natureng. Allereie her veks vårmarihand i enga. Naboteigen til denne enga er ute av bruk. Her ligg nokre gamle revebur. Ein av teigane ovanfor vegen vert nytta til hestebete og er gjerda inn med elektrisk gjerde. I underkant av vegen går eit gjerde som held beitedyr unna to teigar med fulldyrka eng.


Vegen førar nedover og kjem nær sjøen, til teigar kalla Tjøromnen. Her ligg to naust; eit grønt og eit raudmåla. Ovanfor nausta ligg tre teigar med slåttemark i hevd. Desse teigane sør i planområdet vert slegne kvart eller annan kvart år. Midt i desse teigane går grensa for kor langt det er mogleg å kome med motorisert reiskap for hausting av fôr. Slåtteteigane går i overkant over i bratt beitemark som gradvis går over i skog. Teigane verker ikkje svært spesielle floramessig i nedre delar men vert meir artsrike oppover i bakken. Dei er viktige i landskapssamanhang. Her er flotte, store bakkemurar.



Figur 2 Engene nord for Krossnes. Venstre: Det grøne naustet i forgrunn. Høgre: Ein markert bakkemur som ein viktig kulturlandskapsstruktur i området.

Daveteigen

I skogen ovanfor Tjøromnen, i små opne flekkar, og dessutan i form av ei stor ope flate heilt oppunder hoggberget over skogen og den fyrste større ura, ligg Daveteigen. Her er ein rekke større og mindre bakkemurar, og kanten på naturlege røyser er pynta fint til så dei dannar rette liner. Over bakkemurane er restar etter slåttemark. Slåttemarka oppunder berget (Kvitaberg) er merknadsverdig frodig med kraftig gras. Det veks vårmarihand i engane. Det skal og finnast nattfiol på Daveteigen (pers. med Domaas), men det var for tidleg å observere desse under synfaringa.



Figur 3 Frå Daveteigen

Frå vernegrensa

Like etter det raude naustet går stien over eit bratt svaberg, og vernegrensa kryssast. Like etter svaberget ligg den første av bakkemurane som har støtta opp ein åker (no gras). Etter noko brattlendt beitemark og litt skog går stien gjennom eit område med middels grov ur. Mindre flekkar med beita grasvegetasjon ligg innimellom i ura. Her har det frå gamalt lege fleire små slåtteteigar.

Dorganes

Ved Dorganes kjem ein inn i eit hasselkratt med sparsamt feltsjikt. Her veks mellom anna nyresoleie. På Dorganes går ein steingard som skil hasselkratt og slåttemark. Like før denne steingarden ligg ein lokalitet med mariøkleblom. Øvrig feltsjikt kring mariøkleblomen er grasrikt. Her veks og både vårmarihand og skogmarihand.

Dei to engene på Dorganes er i hevd. Dette er høvesvis friske enger, med høgt innslag av kvitbladtistel. Den nordlegaste enga verkar noko meir ekstensivt skjøtta. Engene er rike på både vårmarihand og skogmarihand.



Figur 4 Floradetalj frå Dorganes med m.a. skogmarihånd og enghumleblom

Stavhalsen og Nåtedalen

Neste opne felt er Stavhalsen. Her er beite over og under stien. Etter ei ur med hasselkratt i kjem ein til Nåtedalen. Her er ein bratt teig i langt komen attgroing men med berre mindre buskoppsslag. Vegetasjonen har meir preg av skogsbotn i rikare skog enn av slått/beitemark. Her er mykje bregne, mjødurt, skogstjerneblom, nesle og geitrams og bringebær.

Vårmarihånd og flekkmarihånd finnast spreidd også her. Utsynet mot fjorden er sperra av unge lauvtre.



Figur 5 Nåtedalen , tidlig i juni

Beinsnes

Beinsnes har særleg markerte bakkemurar. Nokre av dei har truleg bygd oppunder åkrar. Her ligg eng i tidleg stadium av attgroing i overkant av ei større ur. Nord for denne ligg ei større, open eng. Nedste delane av enga er flat og friske (ligg oppå mur mot sjøen) med hundekjeks og brennesle. Bakken ovanfor er turrare. Denne enga verkar i rimeleg god hevd. Han består i hovudsak av turreng, men vert friskare oppover mot skogkanten. Den største bakkemuren står midt i denne enga. Beinsnes vart sist slege i 2002.

Mellom den store enga på Beinsnes og Beinsnesgrovi går ei smal stripe med eng. Denne er i sterkt attgroing med bringebær. Marka er frisk og enga har ord på seg for å ha gjeve stor avling. Ovanfor denne ligg skog og krattkog som skjular minst to større bakkemurar med gammalt åkerland/engareal ovanfor.



Figur 6 Beinsnes. Venstre: Frå slåtteeng slått sist i 2002, høgre: eng ute av hevd mot Beinsnesgrovi.

Stokko, natureng

Etter Beinsnesa kjem ein til ei større, ope slåttemark. Enga går høgt oppover lisida. På midten går ein større bakkemur. Sør på muren står ei stor gammal selje og ei noko mindre bjørk, begge med tydelege spor etter styving. Desse trea er monumentale. Nedanfor bakkemuren er enga frisk men fattig. Engsnelle og knereverumpe dominarar. Her er eit særleg høgt innhald av vårmarihand. Ovanfor muren er enga meir grasdominert. Hesjer står i enga i overkant av bakkemuren. Området vert slege år om anna.



Figur 7 Frisk fattigeng sør på Stokko. Høgre: detalj under styvingsselja; vårmarihand

Høgt i teigen til 52/3-5 står to markerte, kvadratisk oppmura røyser (sjå foto, figur 10). Eit område som gror att med ung lauvskog står mellom dei store slåtteareala på Stokko.

Nord for dei attgrodde teigane ligg igjen store enger på middels frisk mark. Her er og noko fuktsig og ein liten bekk. Ein smal teig strekk seg oppover langs ein grusrygg nesten heit til fjellfoten. Denne har typisk turreng. Desse teigane vert slege kvart år. Her vert ikkje gjødsla, og turrenga har truleg aldri vore gjødsla i det heile. Det andre arealet vart delvis gjødsla av førre generasjon. I dette området ligg den største av rydningsrøysane i området. Han er oppmura i underkant men flyt noko utover i toppen (sjå framsideillustrasjon, øvste bilet).



Figur 8 Natureng nord på Stokko

Kulturspor ovanfor slåtteengene på Stokko

Frå overkanten av engene omtala over og fjellfoten (stup) er det vaks til med ungskog og hasselkratt. I dette området ligg fleire kvadratiske røyser tilsvarende dei andre, omtala røysene på Stokko, men litt minre. Her er og bakkemurar med flate engareal over. I dette området er dessutan ei naturleg røys tilpynta i kantane slik at det dannast snorrette kantar, med grasrikt beite (no i form av feltsjikt i hasselskog) heilt inn til røysa. I overkant ligg ein låg bakkemur slik at ein får ei lita flate for åker eller slåttemark ovanfor.

Hytte og tidlegare intensivt utnytta dyrkamark

Heilt nord på Stokko, på sva ovanfor slåtteengene står ei lita hytte til fritidsbruk. På same eigedom ligg ein gammal eplehage. Eplehagen har eldre tre med vide kroner. Fleire av trea er daude. Feltsjiktet i eplehagen er høgvakse, kraftig gras. Elles på same eigedom er det eng. Denne enga skil seg frå naturengene elles på Stokko ved kraftigare gras og færre urter. Dette skuldast av arealet har vore nytta til åker, og soleis har kraftigare, meir oppgjødsla jord.

Eit ”trinn” opp for den vesle hytta, ikkje synleg ned frå den øvrige slåttemarka ligg ennå ein slåtteteig som framleis er open. Lengst nord på denne, i utkanten av enga, står eit lite felt med liljekonval. Enga er restar som syner den intensive utnyttinga av denne eigedomen, som har vore einaste innmark for grunneigaren. Her har vore slåttenger også vidare oppover i bergsida.



Figur 9 Engene kring hytta står på tidlegare åkerjord.

4. Verdiar

5.1 Kulturminne

Planområdet er rikt på kulturminne i form av bakkemurar og rydningsrøyser. Det finnast og restar etter steingardar. På Stokko øydegaard finnast murar som opphavleg kan ha vore hustufter. Det er like sannsynleg at dette er dette rydningsrøyser av noko seinare dato men strukturane er ikkje undersøkt av arkeologar.

Mange av bakkemurane er sett opp for å få eit lite, flatt areal som kan nyttast som åker. Andre er støttemurar sett opp dels for å auke slåttearealet og dels som ein plassering av rydda Stein. Ute på Stokko er det nytta ein svært arealsparande, men og svært arbeidskrevjande, måte å rydde Stein på. Rydningsrøysene er mura opp i kvadratiske urar. Dei tre største av desse røysane ligg i dag i dei opne markane. I attgrodde areal ovanfor ligg dessutan fleire tilsvarande røyser.

Naturlege røyser i område er dels pynta på, og kantane er retta opp for at dei skal ta minst mogleg plass og for å gjere slått mogleg heilt inn til kanten av ura.

Området har hatt fleire løypestrengfeste og ein streng som framleis står oppe strekk seg over ei av dei nordlegaste engene ute på Stokko.

Bakkemurane, dei plasseffektive rydningsrøysene og ”kantpyntinga” av urar vitnar alle om kor viktig ressurs slåttemarka utover langs fjorden har vore.



Figur 10 Plassbesparande rydningsrøysar på Stokko

5.2 Landskap

Stokko ligg på ein plass der Aurlandfjorden er brei, og det er lange synsfelt både innover fjorden til Aurland og utover fjorden. Fjellsidene langs fjorden dannar markerte veggar i eit stort landskapsrom.

Slåtteteigane utover langs fjorden er svært viktige landskapselement sett frå fjorden. Teigane er ein del av det heilskaplege jordbrukslandskapet i Undredal med sine bratte slåtteteigar som omkransar bygda. Den grøne lisida vert brote opp av engareal som skapar liv i landskapet. Området frå Stokko og heile vegen inn til Undredal vert visuelt knytt saman slik at dette opplevast som ei forlenging av innmarksareala kring bygda. Landskapet opplevast og i samanheng med det opne, geitebeita landskapet kring høgdegarden Stegen, som ligg like nord-vest for Stokko.



Figur 11 Landskapsbilete frå Stokko med høgdegarden Stegen i bakgrunnen.

5.3 Biologisk mangfold

Området utover langs fjorden er variert og mosaikkprega med både røys, krattskog, einskilde eldre tre og eng/beitemark i forskjellig hevd. Dette gjev rikeleg med habitat for eit stort biologisk mangfold. Strekka har fleire hasselkratt, ein rik vegetasjonstype som kan huse t.d. sjeldsynte artar sopp.

I kanten av det eine hasselkrattet veks ei klynge med marianøkleband (*Primula veris*). Dette er ei kulturtilknytt art som trivst på slåtte- og beitemark, både i ope lende, og som her; i glissen krattskog. Arten har sin hovudutbreiing kring Oslofjorden og eit lite stykke innover i landet, dessutan veks han meir sjeldsynt langs kysten og i ytre fjordstrok frå Vest-Agder til Trøndelag (Lid 2005 og Mossberg og Stenberg 1992). Arten er m.a.o. svert sjeldan så langt inn i landet. Det finnast to herbariebelegg av arten frå Aurland, ein i Vinjum på 20 – talet og ein ikkje nærmere kartfesta (Roald 2003). Marianøkleblom veks helst på kalkrik grunn.

Det bør og nemnast at området er uvanleg rik på orkideen vårmarihand (*Orchis mascula*). Denne veks i både attgroingsareal, krattskog og ute i engene. I engene kan det vere til dels høg tettleik av arten. Elles veks her og skogmarihand (*Dactylorhiza maculata* ssp. *fuchsii*) (skogmarihand er ein underart av flekkmarihand (*Dactylorhiza maculata* ssp. *maculata*), og den mest krevjande av dei to). Skogmarihand krevjar frisk – fuktig kalkrik grunn eller

moldjord (Lid). Fleire plassar, som til dømes i engene på Dorganes veks vårmarihand og skogmarihand med overlappande bloming.

Området husar og andre orkidear, men desse er mindre utbreidd. På små grasflekkar i svaberget like ovanfor vernegrensa for landskapsvernområdet veks både brudespore (*Gymnadenia conopsea*) og grov nattfiol (*Planathera chloantha*). Nattfiol (uvisst om vanleg eller grov) skal og vokse høgare opp i bakken ovanfor, på den sokalla Daveteigen (pers. med. Domaas). Desse artane er gjerne knytt til beitemark og slåtteengar og står i fare for å gå ut dersom all bruk opphørar. Brudespore føretrekk kalkhaldig jord. Flekkmure (*Potentilla crantzii*) i turbakkesamfunna og raudsildre (*Saxifraga oppositifolia*) i berget ovanfor Daveteigen (Kvitaberg) er teikn på kalkførekost.



Figur 12Venstre: Grov nattfiol saman med brudespore og tiriltunge på grunnlendt beitemark. Høgre: Marianøkleblom i grasrik hasselkratt.

Førekostane nemnd over er teikn på eit rikt område med langvarig kulturhevd. Det lyt reknast for svert truleg at området og husar andre kulturtilknytte og/eller kalkrevjande og gjerne sjeldsynte artar.

Det har ikkje vore rom for nyregistrering av botaniske eller andre biologisk interessante førekomstar i samband med arbeidet med skjøtselsplanen. Dette er nemnd som prioriterte tiltak i tiltaksplanen nedanfor.

Det finnast engar i planområdet som aldri har vore kunstgjødsla og truleg har fått svært lite gjødsel i det heile. Det har ikkje vore gjødsla i nyare tid. Saman med det lange tidsperspektivet for hevd gjev dette eit svært stort potensiale for sjeldsynt beitemarkssopp.

5.4 Næringsbruk

Området frå grinda ved Krossnes og heile vegen langs fjorden samt oppover i lisida vert nytta som vår- og haustbeite for geit. Her er om lag 60 mjølkegeiter om våren og 180 geiter (avgjeldte) om hausten. Desse beiter fritt i heile lisida. Vårbeite er avgrensa mellom ca. 15. april til 15 mai. og haustbeite er frå 1. oktober til snøfall.

Dei største engene samt nokre mindre enger vert slått mellom 15. og 20. juli. Høyet vert turka, i hovudsak på hesjer, og frakta til bygds med båt. Dette er ein drivemåte som ikkje er økonomisk tenleg, og brukarane har rikeleg med tilgang på gras frå meir lettdrive areal. Men geitene synes å setje ekstra stor pris på nettopp dette fine høyet frå Stokko, slik at slåttebruken her framleis lyt sjåast som viktig også i næringssamanheng.

Planområdet er soleis eit viktig område for hovudnæringa (geitedrift med svært anerkjend osteproduksjon) i bygda.

5.5 Rekreasjon

Området er viktig i rekreasjonssamanheng både for lokale, besökande, den lokale turistnæringa og for forbipasserande på fjorden, alt frå cruisepassasjerar til kajakpadlarar, som eit vakkert landskap sett på avstand (som t.d. passasjer på ferje) og på nært hold når ein går tur.

Området nyttast som nærområde for rekreasjon for lokale innbyggjarar. Det går ein fin sti utover langs fjorden. Denne har motteke istandsettingsmidlar og har vorte oppgradert den seinare tida. SNO avd. Aurland har og gjort tiltak på stien i form av rydding av nedkome ras. Den aktuelle stien nyttast og av besökande frå andre delar av kommunen og gjestar utanfrå.

Stien langs fjorden vert og nyttta av turistar som ynskjer ein tur som er lettare enn fjellturar.

Stokko er ein plass det er vanleg å gå i land for små båtar. Særleg kajakpadlarar nyttar området hyppig. Området nyttast både til rast og som overnatningsplass der det setjast opp telt. Telting i engane skapar konflikt med slåttebruken. Det førekjem og ein del uønskt bålbrann og grilling på engarealet. Ei friluftslivsbedrift har avtale med aktuell grunneigar om å få oppbevare kajakkar på land i korte periodar i samband med guida padleturar. Desse leggast på engarealet som ikkje nyttast i aktiv drift.



Figur 13 Telting på Stokko under padle- og ro festivalen Åreleiken 2006. Foto SNO.

5.6 Identitetsverdi

Stokko er eit sterkt kulturbærande område. Både kulturlandskapet og hevden av ein driftsmåte som nesten er forsvunne er viktige element i Undredal sin identitet. Landskapet er noko som vert lagt merke til på ferda inn fjorden, og er ein del av dei menneskepåverka landskapslementa som forsterka området sin verdi som verdsarvområde.

5. Tiltaksplan

Skildra tiltak lyt sjåast som forslag som vert tilrådd for å halde landskapet ved like og stogge og til dels reversere attgroing.

Fysiske skjøtselstiltak som slått og/eller rydding av kratt og skog lyt alltid vere i samråd med grunneigar og med hans/hennar samtykke. Det lyt gjerast ei skriftleg avtale mellom skjøttar og grunneigar dersom skjøtsel skal utførast av andre enn grunneigar eller nokon som på vegner av grunneigarar i dag skjøttar det aktuelle arealet.

På same måte lyt tilrettelegging for friluftsliv som oppsetting av skilt, do og stell av teltplass avtalast særskilt med den aktuelle grunneigar.

Oppsetting av skilt og do lyt avklarast med forvaltingsmynda (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane) og det lyt søkerast særskild for oppføring av ny bygning til do i landskapsvernområde.

6. 1 Skjøtsel av eng/slåttemark

Bevaring av engene er noko av det mest vesentlege i bevaring av både landskapsverdiar og biologiske verdiar i området. Den tilrådde skjøtselen vil syte for å bevare det typiske ved landskapet, der lauvskogslia heile vegen er brote opp av vekselvis røys og slåttemarkar.

Tilrådde tiltak:

- **Ein aktiv skjøtsel** av dei engane som har hatt hevd med slått årleg eller kvart 2. år heilt fram til dags dato. Det tilrådast her **årleg slått** i tida mellom St. Hans og midten av juli. Noko areal vil etter denne planen få noko meir intensiv drift enn dei har hatt dei siste åra, men ikkje meir intensiv enn den drifta som har forma engene. Noko engareal har no truleg ei dreining av det naturlege artsinventaret grunna noko meir ekstensiv drift.
Dette gjeld:
 - Dei to store samanhengande slåtteengene på Stokko
 - Engene på Dorganes
 - Naturengene nord for Krossnes
- **Ein ekstensiv skjøtsel** av areal gjeve 2. prioriteten. Hovudmålet er å halde arealet ope, dernest å ta vare på engpreget på vegetasjonen. Det tilrådast slått kvart 2. år. Ei viss dreining av artsinnhaldet grunna meir ekstensiv drift enn den opphavlege lyt ein rekne med her.
Dette gjeld
 - Den sjølvstendige enga nord for eplehagen på Stokko
 - Engene på Beinsnes
- **Restaurering** av eng i tidleg attgroingsstadium kan gå føre seg ved slått 2 – 3 gongar årleg i 3 – 5 år for å drive tilbake nitrofile artar. Dette gjeld areal som ein ynskjer skal ha engpreg men der bringebær, brennesle, mjødurt og til dels hundekjeks no har total dominans. Desse areala bør seinare få aktiv skjøtsel (t.d. 2. kvart år, eller årleg) for å hindre at dei gror til igjen. Dei står på frisk, næringsrik mark der konkurransesterke artar raskt får overtaket. Eit område ved Beinsnes er avmerkt for dette på kartet.

- Graset lyt fjernast etter all slått for å unngå uønska gjødsling.
- Gjødsling av engene vert frårådd.

I samband med skjøtselen av slåttemark vert det tilrådd å gjennomføre vegetasjonsanalysar. Dersom vegetasjonsanalysane skulle syne at enger har ein stor botanisk verdi som krev ein annleis skjøtsel enn opphavleg tilrådd for å bevarast bør dette fylgjast opp.

Det finst ein del areal med mykje brennesle og hundekjeks kor det ikkje er tilrådd restaurering, men berre oppfylging med ekstensiv slått for å hindre attgroing med buskoppsslag. Desse areala har tidlegare vore åkrar og har eit mykje rikare jordsmonn. Dei har ikkje den lange kontinuiteten som slåtte-eng. Det vert difor ikkje sett på som vesentleg å yte meir intensiv skjøtsel enn det som er naudsynt for å halde dei opne.

Det sørlege området avmerkt for telting bør få ein ekstensiv slått i periodar då det ikkje vert rydda for telting for å halde området ope.

Vurderinga av kva for enger som skal få aktiv eller ekstensiv skjøtsel er elles sett ut frå praktiske omsyn og dessutan ut frå kor lenge (eller om) engene har vore utan skjøtsel.

6.2 Eplehagen

Eplehagar er eit særtrekk ved kulturlandskapet i Sogn, og eplehagar med gamle, store tre er på veg ut. Det same gjeld dei eplesortane som har ein slik vekstform. Det vil likevel være for ressurskrevjande å halde og stelle denne eplehagen med nyplantingar dersom det ikkje er spesiell interesse for dette hjå eigarar eller brukarar.

Tilrådde tiltak:

- Fjerning av daude tre
- Slått av graset mellom trea
- Gjerne gjødsling nær stammen for å gjere trea meir motstandsdyktige mot sjukdom
- Gradvis utfasing av eplehagen ettersom trea døyrt ut.

Arealet er merka med ståande, lys grøn skravur på kartvedleggjet



Figur 14 Eplehagen

6.3 Beite

Stokko har tradisjonelt hatt vårbeite og haustbeite. Det er i dag ikkje eit beitepress som er høgt nok til å halde attgroing av areala i sjakk. Det vert difor tilrådd å auke beitepresset.

Føreslegne tiltak.

- Den planlagde auken i dyretal frå kring 80 til kring 180 mjølkegeiter er absolutt tilrådeleg.
- Perioden for vårbeite bør forlengast eit stykke utover forsommaren. Ein bør freiste å halde beitedyr i området fram til 1. juni.
- Det bør setjast opp gjerde mot innmarksareal i bygda.

Foreslede gjerdetrase er merka med lilla på kartet

Oppfylgjing:

For å finne ut om det auka beitepresset gjev ynskt effekt bør det gjerast årlege registreringar i min. 5 år. Føreslegne tiltak for å samanlikna frå år til år:

- Foto frå same punkt på motsett side av fjorden på same tid (OBS: må utsettast litt i seine vårar og framskyndast i særleg tidlege vårar).
- Ettersyn i området med faste fotopunkt som fotograferast årleg. Både eng og attgroingsareal lyt representerast.

Dersom det syner seg at det skisserte beiteomfanget ikkje har god nok effekt bør andre tiltak vurderast (manuell rydding eller inngjerding av teigar for å auke beitepresset i korte periodar).

6.4 Rydding av kratt og lauvtre

Eit mål for ryddinga er å gjere området meir synleg frå fjorden og å opne opp landskapet, noko som vil gje ei betre og meir autentisk oppleving av gammalt kulturlandskap for den som ferdast i området. Det er dessutan eit mål å slå tilbake attgroing av tidlegare slåttemark og - viktig beiteareal.

Det er og ynskjeleg å synleggjere nokre av murstrukturane som no vert skjult av krattvegetasjon og ung skog. Desse er viktige kulturelement som er viktige for heilskapen i kulturlandskapet.

Tilrådde tiltak:

- Rydde attgrodd areal ute på Stokko (sjå kartvedlegg). Obs: det lyt setjast att litt vegetasjon kring føreslegne do.
- Rydde utsyn mot fjorden og mindre buskoppsslag i den tidlegare enga i Nåtedalen (vidare skjøtting ved beite)
- Tynne ut hasselkrattet på Dorganes kvart 5. år for å vare på førekomenst av mariannøkleblom
- Som 2. prioritet, men ynskjeleg tiltak for synleggjering av mur-strukturar: Tre område med konsentrasjon av bakkemurar er vald ut. Her bør ein i ein seinare fase opne opp for innsyn frå fjorden.

Arbeidet bør t.d. gjerast over ein periode på 3 år.

6.5 Rydding av ras m.m.

Det går steinras i området med ujamne mellomrom. Nedkome ras bør ryddast etterkvart. Stein som er for stor til å fjernast med handmakt bør sprengjast dersom dei vert liggande på slåttemark som er i hevd. Hausten 2005 kom eit ras på Dorganeset som inneheldt stein som var for stor til å flyttast på. Raset er i all hovudsak rydda men to kampesteinar ligg att. Det tilrådast å sprengje vekk desse. Eit slikt tiltak må ha løyve etter verneforskrifta.

Lengst sør i planområdet ligg restar etter ein gamal revefarm. Desse bør fjernast.

6.5 Tilrettelegging for friluftsliv

Aukande bruk i friluftssamanheng har skapt trøng for enkel tilrettelegging. Målet med tilrettelegginga er å kanalisere friluftsbruken som bålbranning, rast og telting vekk frå slåttemark i bruk. Det er også viktig å hindre uønskt do-besøk rundt omkring i området.

Tilrådde tiltak

- **Vedlikehald av stien**

Framhald av vedlikehaldstiltaka som vert utførde på stien langs fjorden er ynskjeleg.

- **Teltplass**

Det er i planen føreslede to plasser i nærleiken av kvarandre som kan høve for telting. Den nordlege av dei to bør prioriterast. Den sørlege vert rydda dersom det vert trøng for det. På plassen for telting bør graset haldast høvesvis lågt frå byrjinga av juni og ut august ved slått 2 - 3 gonger gjennom perioden. Målet er at det skal visast skilnad frå slåttemarka, og vere lett å slå opp telt. Kort ”plen” er ikkje noko mål.

I periodar då sørleg teltplass ikkje ryddast for telting bør han få ein ekstensiv skjøtsel med slått kvart 2. år for å haldast open.

Sjå avmerking på kartvedlegg



Figur 15 Areal avsett til telting, her nyttå som landingsplass for kanoane under Åreleiken 2006. Kanopptrekk i stranda nedenfor. Foto: SNO.

- **Plass for landing av kano:**

Ved etablering av teltplass vil kajakkar og andre småbåtar truleg naturleg verte landa på ynskt plass. Det ligg ei høveleg strand like under føreslege teltplass.

Nord på Stokko, på Bnr/gnr. 12 er det og oppmerkt ein båtplass. Dette er tenkt for kortvarig (1-2 døger) lagring av kajakkar/kanoar etter særskild avtale med grunneigar. Her er ikkje same lange hevd på enga (tidlegare åkerareal) og enga vert ikkje nyttå i næringssamanhang.

Sjå avmerking på kartvedlegg

- **Do**

Det bør settast opp ein do i nærleiken av teltplassen (men ikkje for nære). Ein plass eit stykke opp i bakken ovanfor teltplassen, der det i dag er attgrodd med kratt og unge lauvtre, er avmerkt på kartet. Det lyt innhentast løyve frå grunneigarar, kommune og forvaltingsstyremakt før oppføring av dobygning.

Sjå avmerking på kartvedlegg

- **Bålpass:**

Det er trond for ein fast bålpass for å unngå at det vert laga provisoriske bålpassar på fleire plassar. Ein, evt. to fast oppmurde (utan sement) bålpass(ar) bør etablerast på stranda under føreslegne teltplass.

Sjå avmerking på kartvedlegg

- **Informasjonsskilt**

Det vert tilrådd oppsetting av to informasjonstavler i planområdet. Det bør stå ei tavle ved inngangen til planområdet for dei som går inn i området til fots. Det bør dessutan stå ei ute på Stokko berekna på dei som kjem frå fjorden. Tavla kan monterast på den sørvende eggen av den sørlege av de to løene nede ved strandlinja på Stokko.

Sjå avmerking på kartvedlegg

Ved verneskiltet på Stokko bør det stå eit enkelt skilt med oppmading om å nytte tilrettelagde leirpassar og ikkje trå ned slåttemarka.

Sjå avmerking på kartvedlegg

Rydding og merking av stien som går i overkant av fjellskrentane ("i Li") i overkant av planområdet ville vore svært positivt. Det vil gje moglegheit for ein rundtur og vil syne større heilskap i den tidlegare utnyttinga av utmarksområde. Denne stien ligg utanfor planområdet, men nemnast av di han heng så tett saman med bruken av området.

6.6 Nyregistreringar

Området er rikt på kulturminne knytt til landbruksdrift. Området har også eit stort potensial for funn av krevjande og/eller sjeldsynte artar knytt til kulturpåverka mark og dessutan til rike vegetasjonstypar som hasselkratt. Både sopp, karplanter og insekt har truleg eit høgt mangfold i området. Planområdet ligg i all hovudsak inne i eit nasjonalt verneområde der

kulturlandskapsverdiar er ein del av verneføremålet. Kunnskapen om dei biologiske tilhøva i området er difor viktige også i seg sjølve.

Det vert tilrådd:

- **Kartlegging** av kravstore og/eller sjeldsynte artar, innan både kryptogam (mose, lav, sopp), karplante og evertebrater (insekt og andre virvellause dyr).
- **Vegetasjonsanalysar** i slåtteengene. Det bør gjerast analysar, t.d. ruteanalysar for å klassifisere engene. Dette vil gje ei større fagleg større tyngde i tilrådingane til skjøtsel. Analysane vil kunne påvise verdiane meir konkret, og mogleg avdekke nye område som bør skjøttast. Det forventast ikkje at analysane vil føre til vesentlege endringar i tilrådinga til skjøtsel i dei engene der planen legg opp til å halde fram i tradisjonelle formar.
- **Kulturminneregistreringar**, dei mange bakkemurene og rydningsrøysane bør målast opp og kartfestas. Det kan og være interessant å datere nokre av strukturane ute på Stokko men tanke på stadens lange historie.
- **Oppfylgjande analysar**; det bør gjerast registreringar i attgroande mark, og på mark som vil få endra skjøtsel i høve dagens bruk, og sidan fylge opp med årlege, tilsvarande registreringar på endringa av vegetasjonen (til dømes i faste rutar).

Kjelder

Skriftlege kjelder:

Bryhni, I. 1977. Berggrunnsgeologisk kart Aurland 1416 IV, M1:50 000. Preliminær utgave.
Noregs geologiske undersøkelse.

Djupedal, T. 1997. Undredal; Kyrkja og bygda. Selja forlag og Undredal sokneråd 1997.

Flyfoto: S71 – 949 H9 fra Fylkeskartkontoret i Sogn og Fjordane

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 2005. Framlegg til: Forvaltningsplan for
Nærøyfjordområdet; Verdsarvnomionasjon : Vestnorsk fjordlandskap, Nærøyfjorden.
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane rapport nr. 2 – 2005

Klakegg, O. , Nordahl-Olsen, T., Sønstegaard, E. og Aa, A.R. 1989:. Sogn og Fjordane fylke,
kvartærgeologisk kart M 1:250 000. Noregs geologiske undersøkelse. Samt nettversjon av
kartet med mogleighet for innzooming.

Ohnstad, Å. 2006. Aurland bygdebok; Undredal og Nærøy, gard og ætt. Aurland Sogelag
2006.

Økonomisk kartverk, kartblad W069-5-2

Munnelge kjelder:

Stein Tage Domaas, Vadsø¹
Kjell Krogstad, Undredal
Ivar - Bjarne Underdal, Undredal
Edvind Flåm, Undredal
Andre grunneigarar

Vedlegg

Vedlegg 1. Verneforskrift, Nærøyfjorden landskapsvernområde

FORSKRIFT OM VERN AV NÆRØYFJORDEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE I KOMMUNANE AURLAND OG VIK I SOGN OG FJORDANE FYLKE OG VOSS KOMMUNE I HORDALAND FYLKE.

Fastsett ved kgl. res. 8.11.02. med heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 5¹ og § 6 jfr. §§ 21, 22 og 23. Fremma av Miljøverndepartementet.

§ 1. AVGRENSING

Landskapsvernområdet gjeld følgjande gnr./bnr.:

Aurland kommune: 1/1, 2, 3, 2/1, 2, 3/1, 5/1, 4, 5, 8, 9, 10, 11, 7/1, 2, 8/1, 5, 6, 12/1, 30/1, 2, 3, 4, 6, 9, 14, 31/4, 33/1, 38/1, 2, 3, 8, 12, 13, 37, 48/1, 3, 5, 49/1, 2, 4, 6, 7, 8, 16, 50/1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 14, 51/1, 2, 6, 15, 16, 17, 18, 19, 20, 21, 22, 24, 27, 28, 32, 33, 34, 40, 42, 43, 44, 48, 52, 53, 60, 108, 52/1, 3, 4, 5, 53/1, 2, 55/1, 2, 56/1, 58/1, 2, 59/1, 2, 3, 4, 5, 9, 60/1, 2, 3, 4, 8, 61/1, 2, 3, 5, 6, 8, 62/1, 64/1, 2, 4, 5, 6, 9, 16, 20, 24, 65/1, 2, 3, 4, 5, 6, 66/1, 67/1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10, 69/1, 2

Vik kommune: 135/2, 4, 7, 8, 136/2, 4, 5, 9, 10, 12, 13, 137/2, 3, 6, 8, 138/1, 3, 4, 139/1, 3, 4, 140/1, 3, 4, 7, 8, 10, 13, 14, 15, 17, 18, 21, 22, 26, 32, 141/1, 4, 6, 10, 142/1, 2, 3, 5, 143/1, 144/1, 2, 3, 4, 5, 145/1, 146/1, 147/4, 148/1, 2, 3, 4, 23, 149/1, 2, 3, 7, 10, 11, 13, 150/1, 2

Voss kommune: 80/1 ,4, 149/3, 4, 150/1, 4, 331/1, 332/1, 2, 4, 6, 15, 26, 28, 333/1, 3, 334/1, 2, 4, 335/1, 2, 3, 4, 5, 7, 336/1, 337/1, 2, 3, 4, 5, 338/2

Det samla arealet, inkl. sjø, er på ca 576 km², landareal på ca 547 km². Grensene for landskapsvernområdet framgår av vedlagde kart i målestokk 1:50 000 datert Miljøverndepartementet oktober 2002.

Kart og verneforskrift finst i Miljøverndepartementet, i Direktoratet for naturforvaltning, hos fylkesmannen og i kommunane med areal i landskapsvernområdet.

§ 2. FØREMÅL

Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruksdrift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter.

§ 3. VERNEREGLAR

1. Landskapet, plante- og dyrelivet.

1.1 Området er verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter.

¹ Retta av Miljøverndepartementet 11. november 2002

Vedlegg 1. Verneforskrift, Nærøyfjorden landskapsvernområde

Dette gjeld til dømes:

- a) Bergverksdrift, vassdragsregulering, bygging av vear, oppsetjing og riving av bygningar, oppføring av anlegg og faste innretningar, framføring av luftleidningar og jordleidningar, drenering og anna form for tørrlegging, sprenging, masseuttak, utfylling, planering og lagring av masse, lausbryting og fjerning av stein og mineral, bruk av kunstgjødsel og kjemiske sprøytemiddel i utmark, fjerning eller inngrep i verdfulle kulturminne så som gamle vear og steinmurar. Opplistinga er ikkje uttømmande.
- b) Nydyrkning, endring av samansetnaden av naturleg treslag ved skogkultur, flatehogst, felling av særmerkte og dekorative tre og daude tre som er med på å prege landskapet og som er viktige for dyrelivet.

Forvalningsstyresmakta avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak vil endre landskapets art eller karakter vesentleg eller på annan måte er i strid med føremålet med vernet. Dersom omsynet til verneverdiane gjer det naudsynt, kan Direktoratet for naturforvaltning fastsetje nærmare reglar om ferdsle.

1.2 Reglane i 1.1 er likevel ikkje til hinder for:

- a) Landbruksdrift på eksisterande innmark. Drifta må ta omsyn til landskapet sitt sær preg og spesielle karakter.
- b) Beiting, rydding av beite, slått og lauving, når dette ikkje strir mot verneformålet.
- c) Vedlikehald av bygningar, gjerde, bruer, klopper, vear og stiar og stenging av skorfeste og oppsetting av kve. Alt slikt arbeid skal ta utgangspunkt i tradisjonell byggeskikk på staden når det gjeld utforming, fargar og materialbruk. Arbeidet skal ikkje medføre vesentlege endringar av fasade på bygningen.
- d) Hogst, men ikkje samanhengande flater større enn fem dekar.
- e) Vanleg vedlikehald av eksisterande kablar, luftleidningar, vatningsveiter, løypestreng, gjerde m.m.
- f) Jakt og fiske etter gjeldande regelverk.
- g) Gjennomføring av militær øving/trening i eksisterande sikkerhetssone for Forsvarets skyte- og øvingsfelt.
- h) Drift og vedlikehald av kystverket sine anlegg, og ferdsel i samband med dette arbeidet.

1.3 Forvalningsstyresmakta, eller den som vert tillagt mynde, kan gi løyve til:

- a) Endra bruksformer i landbruket i samsvar med driftsplan.

Vedlegg 1. Verneforskrift, Nærøyfjorden landskapsvernombord

- b) Oppføring av nybygg i samband med landbruk, turlagsverksemd og oppsyn. Utforming av nybygg skal vere tilpassa landskap og tradisjonell byggjeskikk.
- c) Påbygging, ombygging eller riving av bygningar og anlegg. Påbygging og ombygging skal vere tilpassa landskap og tradisjonell byggjeskikk
- d) Tilrettelegging av enkle traktorløyper for uttak av trevirke og i beitebruksamanheng.
- e) Utbetring og rassikring av vegen mellom Gudvangen og Bakka og vegen til Jordalen.
- f) Oppsetting av nye gjerde (som ikkje gjeld stenging av skorfeste og oppsetting av kve), oppmerking og varding av nye fotturruter og nybygging av bruer og klopper.
- g) Ras- og flaumsikring av busetnad og innmark.
- h) Skogsdrift på flater større enn fem dekar i samsvar med driftsplan.
- i) Etablering av luftesjakter som er naudsint i samband med underjordisk drift av mineral med uttaksstad utanfor verneområdet.
- j) Nyetablering av kystverket sine anlegg.

2. Motorferdsel

2.1 Motorferdsel på land og i vatn/vassdrag er forbode, likeins lågtflyging under 300 meter og landing. Med landing meiner ein òg henting og bringing av passasjerar og gods sjølv om landing i eigentleg forstand ikkje skjer.

2.2 Reglane i 2.1 er likevel ikkje til hinder for:

- a) Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltningsverksemd.
- b) Motorferdsel på fjorden, herunder å gå til land eller kai. Maksimum fart forbi Skalmenes-Bleiklindi er 8 knop. Fartsreduksjonen gjeld ikkje båtar under 30 fot.
- c) Motorferdsel på dei offentlege bilvegane i landskapsvernombordet.
- d) Naudsynt motorferdsel i samband med landbruksdrift på landbruksvegar og i nærleiken av innmark og på traktorløyper godkjende i forvaltningsplan.
- e) Naudsynt motorferdsel på vinterføre til landbruksdrift som frakting av ved eller hogstvirke, gjerdeutstyr, saltsteinar eller materialar til vøling av stølar o.l. Motorkøyretøy kan på vinterføre nyttast til uthenting av ved frå eigen eidegom til fast bustad.

Vedlegg 1. Verneforskrift, Nærøyfjorden landskapsvernområde

- f) Naudsynt lufttransport i samband med landbruksdrift. Lufttransport skal meldast til oppsynet før transporten tek til.
 - g) Militær lågtflyging.
 - h) Motorferdsel i samband med militær øving/trening i eksisterande sikkerhetssone for Forsvarets skyte- og øvingsfelt.
- 2.3 Forvalningsstyresmakta, eller den som vert tillagt mynde, kan gje løyve til luft- og snøscootertransport av materiale til hytter, bruer m.v. og av brensel, utstyr og proviant til hytter og stølar. Traséane for snøscootertransport skal teiknast inn på kart.

§ 4. UNNTAK I SÆRSKILDE HØVE

Forvalningsstyresmakta kan gjere unntak frå verneforskrifta når føremålet med vernet krev det, for vitskaplege undersøkingar, for arbeid av vesentleg verdi for samfunnet, eller i spesielle tilfelle, når det ikkje strir mot føremålet med vernet.

§ 5. FORVALTNINGSPLAN

Det skal utarbeidast ein forvalningsplan med nærmare gitte retningsliner for forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon m.v. Forvalningsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning. Forvalningsstyresmakta, eller den forvalningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje føremålet med vernet.

§ 6. FORVALTNINGSTYRESMAKT

Direktoratet for naturforvaltning avgjer kven som skal ha forvalningsmynde etter forskrifta.

§ 7. RÅDGJEVANDE UTVAL

Det kan nemnast opp eit rådgjevande utval for landskapsvernombretet.

§ 8. IVERKSETTING

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Stokko - Krossnes Skjøtsel og tilrettelegging

